

PROSJEKTPLAN

Hyllestad næringsutvikling 2022-23

Kort beskriving av prosjektet.

Målsettinga i prosjektet er å styrke næringsgrunnlaget og bidra til å sikre dei eksisterande og etablere nye arbeidsplassar i Hyllestad kommune, med særleg vekt på unge kvinner.

Godkjent i prosjektgruppa den 25.februar 2022

Godkjent i styringsgruppa den 1.mars 2022

Justert/revidert i styringsgruppa den xx. mai 2022

Justert/revidert i styringsgruppa den _____ 2022

*Prosjektansvarleg
Martin Lundgård
Hyllestad kommune*

*Prosjektleder
Veronica Haveland
Klar Bedrift AS*

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Hyllestad kommune har utfordringar når det gjeld nedgang i folketal og arbeidsplassar og eit einseitig næringsliv. Spesielt ser kommunen det som viktig å stanse og reversere utflyttinga av unge kvinner, samt arbeide med grunnlag som gjer det attraktivt for tilbakeflytting.

Det omsøkte prosjektet bli ledd nummer to i ein tre-trinns plan for omstilling og utvikling i Hyllestad:

1. Først fokus på den umiddelbare situasjonen som oppstod da Havyard Leirvik varsla nedbemanning av ca. 100 tilsette i 2020
2. No skalering og utviding av elementa i det prosjektet ut over Havyard og Havyard-tilsette
3. Deretter, frå ein gong i 2022, eit mogleg langsiktig omstillings- og vekstprogram for Hyllestad

Prosjektet er presentert i Plan og Samfunn i Hyllestad kommune den 20.01.2022

1.2 Målstruktur

1.2.1 Effektmål

Næringsgrunnlaget er styrka og det er vekst i næringsområda vi har prioritert og hatt fokus på. Eksisterande arbeidsplassar er sikra. Nye arbeidsplassar er etablert. Færre unge kvinner vel å flytte frå kommunen permanent. Fleire kvinner finn det attraktivt å etablere seg i Hyllestad.

Hyllestad kommune, næringslivet og grasrota (LivOGLyst program) samarbeider tett og kontinuerleg for å oppnå attraktive lokalsamfunn og godt fungerande bu- arbeid- og serviceområde.

1.2.2 Resultatmål

Konkrete resultatmål for prosjektet er:

- Utført idéfangst i det lokale næringslivet innan tre utvalde bransjar for å identifisere moglege felles satsingsområde. Det er eit mål om å konkretisere 1-2 forretningsidear frå kvar av satsingsområda i prosjektet.
- Etablert og gjennomført eit program for gründarar samt knoppskyting i etablert næringsliv, oppnå minimum 5 gründerverksemder og 3 knoppskytingsidear frå programma. Heile næringslivet vil få tilbod om deltaking i programma.
- Etablert og gjennomført eit kompetansehevingsprogram for verksemder og einskildpersonar, med eit mål om deltaking på minimum 30 einskildpersonar, samt deltaking av tilsette frå minimum 15 verksemder.
- **Næringsklynga i Leirvik er vidareutvikla til ein grøn hub, med fagmiljø innan havbruk, elektrifisering, marine næringar og gjestekontorplassar. Hyllestad har saman med nabokommunane tatt steg for å bygge komplette samanhengande økosystem innan havbruksnæring i aksen Leirvik- Lutelandet- Bulandet.**

- [Hyllestad.info](https://www.hyllestad.info) – kommunen sin samfunnsportal, som er med å støtte opp under lokalsamfunnet og næringslivet, og som byggjer på verdiane som innbyggjarar har kommunisert i tidlegare omstillingsprosjekt (respekt, truverd og tryggleik) er kanalen prosjektet har vidareutvikla og nytta for å sikre informasjon og dialog gjennom heile prosjektperioden. Studie/kartlagt i samband med tilflyttarkontor etter Årdal-modellen. Det er avklart om element frå «Ditt Årdal» kan nyttast i vidareutviklinga av Hyllestad.info prosjektet, og igangsett tiltak.
- Prosjektgruppa og kommunen har fått opplæring og god kunnskap om kva som kjenneteiknar kommunar som lykkast med næringsutvikling, og sett på tiltak som kan bidra til å lette eigne utfordringar i kommunen, og vidareføring av desse i kommunal regi.
- Prosjektgruppa, næringslivet og kommuneadministrasjonen har fått ein felles innføring i bærekraftsmål og korleis systematisk ha desse som grunnstamme i all omstilling- og utviklingsarbeid.
- Plan/søknad til fase 3 er ferdigstilla.

1.3 Rammer og avgrensingar

Tidsperspektiv:

Aktivitetane i prosjektet vil starte 1kv 2022. I utgangspunktet vil dei ha varigheit ut 2022/start av 2023. Om vi klarar å finansiere ein fase 3, vil dette prosjektet få ein glidande overgang i løpet av 2022. Om det ikkje kjem slike midlar, vert dette prosjektet avslutta våren 2023.

Geografisk dekningsområde:

I utgangspunktet Hyllestad kommune, men i nokon grad er det ein felles bu- og arbeidsmarknad med nabokommunane Høyanger, Fjaler, Askvoll og Solund, med gjensidig utveksling av arbeidskraft.

I høve det ordinære verkemiddelapparatet:

Prosjektet vil i høg grad nytte det ordinære verkemiddelapparatet (kommunal førstelineteneste, næringshage, inkubator osv.). I prosjektet vil nokre av desse arbeide i utover det ein kan forvente frå ordinær verksemd og innsats blir timefakturert. Dette blir avklart gjennom prosjektavtale med Hyllestad kommune.

Anna:

Nyetablerte verksemder frå prosjektet må ikkje få konkurransevridande støtte i høve etablerte verksemder.

2. PROSJEKTORGANISASJON

Funksjon	Medlem/ressursar
Prosjekteigar	Hyllestad kommune
Prosjektansvarleg	Kommunedirektør
Prosjektleiar	Veronica Haveland
Prosjektgruppe	Hyllestad kommune v/Næringskoordinator og v/ leiar Plan og Utvikling, Hyllestad Næringsråd, Klar Bedrift, Aksello, Visit Fjordkysten, Akvahub, Grendalaga
Referansegruppe	Innovasjon Norge, Framtidsfylket, Havyard Leirvik, Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Folkeuniversitetet, HNU, FNU, Solund kommune, Askvoll kommune, Grendelaga, Distriktssenteret, Dale VGS, Måløy VGS, Høyanger VGS
Styringsgruppe	Hyllestad kommune v/kommunedirektør, Hyllestad kommune v/ordførar, Hyllestad Næringsråd, Høyanger kommune, Fjaler kommune, Vestland fylkeskommune

3. PROSJEKTOPPFØLGING

3.1 Beslutningspunkt

Det leggst inn eit beslutningspunkt undervegs i prosjektet i tillegg til dei to obligatoriske (høvesvis godkjenning av prosjektplanen og avslutting av prosjektet). Beslutningspunktet er lagt inn i februar 2022, altså etter at fase 1 er avslutta. I samband med finansiering av ein mogleg fase 3, legg ein inn eit beslutningspunkt mai 2022 jf. revidert Statsbudsjett for 2022 og eventuelle relevante midlar der. Beslutningane i dei tre beslutningspunktka skal tas av styringsgruppa etter anbefaling frå prosjektgruppa.

BP-01	01.03.22	Godkjenning av prosjektplanen
Beslutningsgrunnlag		Utkast til Prosjektplan
BP-02	19.05.22	Etter at revidert Statsbudsjett for 2022 er kjent og fylkeskommunen har bestemt seg for korleis dei vil nytte sine rammar er det lagt inn eit beslutningspunkt om prosjektet skal endrast og tilpassast ein langsiktig fase 3
Beslutningsgrunnlag		Funn i revidert Statsbudsjett for 2022, tilbakemelding frå fylkeskommunen
BP-03	12.01.23	Om ikkje prosjektet vert endra (sjå BP-02), er det lagt inn eit beslutningspunkt om prosjektet skal avsluttast og

		rapporterast eller om det skal vidareførast. Prosjektmidlane har ein rapporteringsfrist innan 01.04.23.
Beslutningsgrunnlag		Framdriftsrapport frå prosjektgruppa og anbefaling frå prosjektansvarleg

3.2 Statusrapportering

Rapportering den 15. i kvar måned frå prosjektleiar til prosjektansvarleg. Statusrapport til styringsgruppa normalt kvar anna måned. Denne vert referert i førstkommande møte i Plan og Samfunn (jf. politisk møtekalender).

3.3 Milepæler

Tidspunkt	Milepæl
Desember 2021	Plan og søknad på plass, finansiering bekrefta, prosjektleiar engasjert
Februar/ mars 2022	Endeleg godkjenning av prosjektplan. Alle Hovudaktivitetar planlagt, organisert og starta opp. Oppstart prosjektgruppe-/ og styringsgruppemøte
Mars/mai 2022	Idefangst i satsingsområda, kartlegging påbegynt Etablert program for gründerar og knoppskyting
Mars/mai 2022	Etablert kriteria for støtte til opplæring/utdanning for verksemder og einskildpersonar
Mai/juni 2022	Utarbeidd plan/søknad for prosjekt i fase 3 dersom finansiering
Hausten 2022	Overgang til nytt prosjekt fase 3 dersom finansiering
2.kv 2023	Rapportering og avslutting

4. INTERESSENTAR OG KOMMUNIKASJONSPLAN

4.1. Interessentar

Ein interessent er ein aktør som kan påverke eller bli påverka av prosjektet. I tabellen nedanfor listar vi opp dei viktigaste interessentane for dette prosjektet og nokre karakteristika om kvar av dei.

Aktør	Aktøren si interesse i prosjektet	Grad av påverking på/av prosjektet	Prosjekttiltak/ aktiviteter
Hyllestad kommune	Prosjekteigar og overordna ansvarleg	Stor	Deltakar i Styringsgruppa og Prosjektgruppa
Hyllestad sine innbyggjarar	Store ringverknader i lokalsamfunnet	Middels	Informere gjennom Hyllestad.info og media
Høyanger og Fjaler kommunar	Vi har felles bu-arbeid og service område. Vi har like distriktsutfordringar som vi kan samarbeid om i dette prosjektet	Middels til stor	Med i Styringsgruppa
Næringslivet og einskildverksemdar i Hyllestad	Vil få moglegheit til kompetanseheving, knoppskyting og samarbeid med andre	Stor	Vil bli direkte kontakta og involverte i prosjektet
Einskildpersonar i Hyllestad	Vil få moglegheit til kompetanseheving og gründerverksemd	Stor	Vil bli direkte kontakta og involverte i prosjektet
Vestland fylkeskommune	Set rammevilkår, inkl. bidreg til omstillingsstatus for Hyllestad kommune/ området	Potensielt stor	Medlem i Styringsgruppa
Innovasjon Norge	Finansiering av forretningsutvikling	Middels/ stor	Med i Referansegruppa, seinare kanskje i Styringsgruppa
Utdanningsinstitusjonar	Leverandørar av kurs og studiar	Middels	Med i Referansegruppa.
Media	Informere allmennheita og stille kritiske spørsmål	Middels/ stor	Inga direkte rolle, men kan nyttast av prosjektet

4.2. Kommunikasjonsstrategi

Korleis skal prosjektet kommunisere med interessentane? Nedanfor beskriv vi måla med kommunikasjonen, dei mest sentrale bodskapa, eigna kommunikasjonsform og kven som er ansvarleg for å gjennomføre kommunikasjonen.

Det er normalt å legge kommunikasjonsansvaret i eit prosjekt på Prosjektansvarleg for den eksterne delen (og Styringsgruppa) og på Prosjektleiari for den interne delen.

Mange av dei nemnde interessentane er interne i prosjektorganisasjonen, det vil seie at dei er medlem i enten Prosjektgruppa eller Styringsgruppa.

Dei som er med i Referansegruppa (utdanningsinstitusjonar, Innovasjon Norge, lokale næringsorganisasjonar og andre) vil bli kontakta direkte av Prosjektgruppa for å finne ut korleis dei best kan bidra til å nå målsettingane.

Media/ allmennheita må informerast godt med rett informasjon til rett tid. Spesielt viktig å informere tidleg om prosjektet sine målsettingar, organisering, tidsramme osv. Dette gjerast gjennom mediaoppslag (pressemeldingar, intervju, og ulike publiseringar og delingar gjennom kanalen hyllestad.info), saker og vedtak i folkevalde organ og eventuelt folkemøter.

For å skape engasjement og mobilisere til prosjektdeltaking er det viktig å kommunisere tydeleg ut dei tiltaka og aktivitetane som vert lagt opp til i prosjektet.

Vidare må ein jobbe med å nå ut til næringsliv og gründerar utover dei kommunane som er nemnd i prosjektet, for å oppfordre til etablering av verksemd i Hyllestad og nabokommunane.

I samband med felles BAS-satsing er det viktig å posisjonere seg saman med nabokommunane.

5. RISIKOVURDERING

Kva er risikoen for at målsettingane i prosjektet ikkje vert oppnådd? Dei viktigaste risikoelementa er lista nedanfor, med ein estimert sannsynlegheit for at dei inntreffe (0 til 9), estimert alvorsgrad av konsekvensen om dei skulle inntreffe (0 til 9), og desse to multiplisert med kvarandre som gir det vi kan kalle ein risikofaktor.

Risikoelement	S	K	RF	Mottiltak
Covid 19 og moglegheiter for reiser og møter	3	2	6	Mykje av aktiviteten kan gjerast digitalt, både internt i prosjektet og med eksterne.
Dei økonomiske rammevilkåra og marknads-situasjonen i dei viktigaste næringane vert forverra	6	3	18	Ikkje lett å motverke på kort sikt.
Mange involverte aktørar er krevjande å handtere.	3	5	15	God prosjektplan og god styring blir viktig.
Samarbeidsklima mellom aktørane, også innad i næringslivet, kan verte dårleg.	2	5	10	Aktivitetane vil vere basert på felles målsettingar og vilje til å sjå felles løysingar. Gode møter innleiingsvis der dei som er interesserte får «eigarskap».
Mangelfullt engasjement lokalt og deltaking i prosjektet.	5	5	25	Moglegheitene i prosjektet, både for verksemder og einskildpersonar, må marknadsførast godt
Usikkerheit dersom dei statlege omstillingsmidlane kjem i 2022.	2	6	12	Overgangen mellom dette prosjektet og det nye må planleggast og implementerast så saumlaust som mogleg.
Prosjektet får negativt omdømme i lokalsamfunnet	2	8	16	Proaktiv og positiv informasjon i ulike fora, inklusive media.

6. GJENNOMFØRING

Total prosjektlengde er i utgangspunktet 13 månader, frå februar 2022 til 31.mars 2023. Eit vedtak i BP-02 vil kunne endre prosjektet monaleg, til dømes at det blir slått saman med eit nytt og større prosjekt finansiert hovudsakeleg over revidert Statsbudsjett.

Hovudaktivitetane nedanfor er knytt til perioden fram til 31.03.23.

6.1 Hovudaktivitetar

Hovudaktivitet	Hensikt	Viktige deloppgåver	Resultat
HA0: Prosjektleiing og administrasjon	God styring og framdrift i prosjektet	Utarbeiding av prosjektplan og framdriftsrapporter. Koordinere arbeidet. Prosjekt- og styringsgruppemøter	Godkjent prosjektplan og god framdrift
HA1: Nye arbeidsplassar gjennom utvalde satsingsområde i tre bransjar	Skape nye arbeidsplassar innan <ul style="list-style-type: none"> Havbruk/ Maritim Reiseliv Fornybar energi 	Samle verksemder innan kvar av dei tre næringane. Identifisere 1-2 forretningsidear kvar. Utvikle ideane.	Idear identifisert og utvikla. Konkrete forretningsidear identifisert, med moglegheit for etablering av nye arbeidsplassar.
HA2: Etablere og gjennomføre eit program for gründerar samt knoppskyting i etablert næringsliv	Skape nye arbeidsplassar	Rekruttere kandidatar og hjelpe dei med å utvikle forretningsideen sin. Nyttar dei lokale/ regionale aktørane i verkemiddelapparatet.	Nystarta verksemder og nye forretningsmessige innovasjonar i etablerte verksemder.
HA3: Kompetanseheving for næringsliv og einskildpersonar	Sette einskildpersonar og verksemder i stand til å ta nye jobbar og nye oppdrag.	Identifisere behov. Nytte generelle og skreddarsydde kurs, i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og kursleverandørar.	Liste over personar og verksemder som har fått kompetanseheving.
HA4: Grøn Hub og økosystem	Skape eit klyngemiljø og industriell symbiose	Identifisere behov og aktuelle samarbeid og fellessatsingar.	Næringsklynga i Leirvik er vidareutvikla til ein grøn hub, med fagmiljø innan havbruk, elektrifisering, marine næringar og gjestekontorplassar. Hyllestad har saman med nabokommunane tatt steg for å bygge komplette samanhengande økosystem innan havbruksnæring i

			aksen Leirvik- Lutelandet- Bulandet.
HA5: Forbetre infrastruktur	Betre tilrettelegging for næringsutvikling og bulyst.	Breiband/fiber. El-bil ladestasjonar. Innovasjonsmiljø/ kontorfellesskap/ klyngemiljø. Styrke konferanse- hotellet og serveringstilbod. Definere og vidareutvikle sosiale møteplassar. Fleire av desse i nært samarbeid med Liv og lyst-prosjekta i Hyllestad.	For kvar av under- aktivitetane vil det bli laga ein plan, og framdrift og resultat vert følgt opp. (Fleire av infrastruktur og samfunnsprosjekta fell ut dersom vi kunn skal tenke kortsiktig. På lang sikt er vi avhengig av ein fase 3)
HA6: Unge kvinnens etablering og bulyst i Hyllestad	Finne svar på kva som er viktig for å reversere permanent flytting. Kva er definert som attraktivt for å etablere seg i Hyllestad	Framskaffe fakta (Distriktssenteret) Kartlegge grunnlag Etablere nettverk	Innsikt frå tidlegare forskning Workshop gjennomført Nettverk etablert
HA7: Vidareutvikle Hyllestad.info, felles infoskjermer, og arbeide med tilflyttingsstrategi	God informasjon og kommunikasjon med lokalsamfunn og næringsliv Tilrettelegge funksjonar og informasjon for tilflytting	Planlegge kommunikasjonen for alle HA. Studie/kartlegging av tilflyttarkontor etter Årdal-modellen	Kommunikasjons- strategi Velfungerande kommunikasjons- kanal. Fokus på kommunikasjon i utviklingsarbeid. Det er avklart om element frå «Ditt Årdal» kan nyttast i vidareutviklinga av Hyllestad.info prosjektet, og igangsett tiltak.
HA8: Kva distriktsutfordringar har vi til felles med Fjaler og Høyanger	Ta initiativ til nabokommunar når det gjeld å styrke BAS, samarbeide om fellesutfordringar	Styringsgruppa er med å identifisere. Høyanger og Fjaler utpeikar kontaktpersonar frå sine kommunar/næringsliv	Felles strategi Felles utviklingstiltak som vil styrke eit gjensidig BAS området for samarbeids- kommunane
HA9: Førebu og utarbeide eit godt program som kan finansierast med midlar regionale utviklingsmidlar frå 2022/2023	Få tilgang til større midlar for samfunns- og næringsutvikling i Hyllestad og regionen	Tett dialog mellom kommune, næringsliv og lag og organisasjonar for å avdekke behov og moglegheiter.	Dersom midlar kjem i Statsbudsjettet, skal ein konkret plan verte ferdigstilt.

6.2 Tids- og ressursplanar

Sjå Milepæl-plan i pkt. 3.3.

6.3 Ressurs- og kompetanseplan

Namn	Avd/org.	Hovudaktivitetar	HA
Martin Lundgård/ Gjermund Flage	Hyllestad kommune	Prosjektansvarleg Ansvar	0 – 8 4,6,7,8
Veronica Haveland	Klar Bedrift	Prosjektleder Delt ansvar Deltaking	0 – 8 0,2,6,7,8 1 – 8
Laila Johannessen	Hyllestad kommune	Prosjektmedlem, Aktiv deltaking utf	0 – 8 1 – 8
Kjell Eide	Hyllestad kommune	Styringsgruppa Delt ansvar	0 – 8 5 (HNR gruppe)
Gjermund Flage/ Gaute Lundeland	Hyllestad kommune	Styringsgruppa Delt ansvar	0 – 8 5,7
Petter Sortland	Høyanger kommune	Styringsgruppa	0 – 8
Kjetil Felde	Fjaler kommune	Styringsgruppa	0 – 8
Ingeborg Sætrevik	Vestland Fylke	Styringsgruppa	0 – 8
Stian Hatlem	HNR	Styringsgruppa, Prosjektmedlem	0 – 8 0 – 8
Marita Solheim	Fjordkysten	Prosjektgruppa Ansvar Deltaking	0 – 8 1 Reiseliv 2,6
Veronica Haveland	Klar Bedrift AS	Prosjektgruppa Deltaking	0 – 8 1,2,6
Arne Olsen	Aksello	Prosjektgruppa Deltaking	0 – 8 1,2
Christian Vik og Asbjørn Løland	Akvahub	Prosjektgruppa, Ansvar Deltaking	0 – 8 1 Hav/ FE, 3 2
Tanja Akse	Grendalaga/ LivOGLyst	Prosjektgruppa Deltaking	0 – 8 6
Næringsliv		Deltaking	1,2,3,4,6

7. Budsjett og finansiering

Totalbudsjett

Budsjettpost – prosjekt	Sum
HA 0, 6 Prosjektleiing og administrasjon. Hyllestad info og kommunikasjonsarbeid	900.000
HA 1 – 2 kartlegging etablering, utvikling, vekstprogram	1.000.000
HA 3 Kompetansehevingstiltak	1.100.000
HA 4 Grøn Hub i Leirvik og økosystem Lutelandet/ Bulandet	300.000
HA 5 Forbetre infrastruktur/samarbeid LivOGLyst-program	300.000
HA 6 Unge kvinners etablering- og bulyst	300.000
HA 7 Hyllestad.info	500.000
HA 8 Kva distriktsutfordringer har vi til felles med Fjaler og Høyanger	300.000
HA 9 Utarbeide program for 2023-27	300.000
Sum	5.000.000

Finansieringsplan prosjektet:

Tittel	Sum
Tilskot frå VF 41 %	2.500.000
Eigininnsats Hyllestad kommune, både timebruk og Hyllestadfondet	1.900.000
Eige arbeid deltakande verksemdar, einskildpersonar og nabokommunar	600.000
Sum	5.000.000

8. KONTRAKTAR OG AVTALAR

Det vert oppretta kontrakt mellom Klar Bedrift AS som prosjektleiar og Hyllestad kommune som prosjekteigar. Klar Bedrift opprettar kontrakt med dei andre bidragsytarane. Bidragsytarane fakturerer kvar månad til Klar Bedrift AS, merka med Hyllestad Næringsutvikling.

Klar Bedrift fakturerer Hyllestad kommune kvartalsvis, merka med prosjekt nr 8802, ansvar 660, teneste 32570.

Prosjektleder held rekneskap for heile prosjektet og rapporterer til Hyllestad kommune v/prosjektansvarleg som del av den månedlege framdriftsrapporten.

Hyllestad kommune, dei ulike deltakande verksemdene samt einskildpersonane sine timer vert ført månedleg av prosjektleder, der dei vert verdsett etter avtalt timerate og inkludert i prosjektrekneskapen, men desse fakturerast ikkje.